

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 44/2003

Møtedato: 10.9.03

Arkiv nr:

ELGJAKT – NY ADMINISTRASJONSORDNING

Miljøverndepartementet har bestemt at administrasjon av elgjakta skal overførast frå Statskog til fjellstyra. Norges fjellstyresamband har sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeid med spørsmål knytt til ny administrasjonsordning. NFS har i brev datert 28.05 og 03.07.03 lista opp ein del sentrale punkt ein ynskjer tilbakemelding på.

VEDTAK

Fjellstyret deler i stor grad arbeidsgruppa sin syn og har følgjande merknader:

- Utlysning, informasjon og trekking.

I tillegg til aviser og Internett, må jegerane kunne få muntlig informasjon ein stad. Dette må vera same plass som står for trekking. Kontoret bør ha ein viss storleik for å sikre kontinuitet i arbeidet. Det er viktig at dette skjer innanfor fjellstyresystemet. På denne måten blir det synleggjort at det er fjellstyra som tilbyr jakt. Det beste vore om NFS kunne ta dette arbeidet.

- Ettersøkshund

Fjellstyret kan ikkje sjå at det er behov strengare reglar i allmenningen enn elles. Det er ikkje mangel på ettersøkshund som er avgjerande for om det blir drive human jakt. Dei som berre har avtale om bruk av annan hund bør ikkje utelukkast heilt. Slik regelverket er i dag må hund og godkjent hundefører alltid vera med når det blir jakta. Dette er ein regel som er vanskeleg å gjennomføre og gjer at det er nødvendig å endre denne regelen.

- Tilgang til jakt og fiske

Det må sikrast minimum slik prioritering av innanbygds som det er i dag. Ordlyden "akseptabelt for allmennheten" er for vagt og kan tolkast svært ulikt. Dette må gjerast klarare.

- Jegerar med eigen jaktrett

Fjellstyret meiner denne regelen bør bestå, men det må vera reglar om kva som skjer ved eventuelt kontraktbrot.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 11.9.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: NFS, Stortingsgt.30, 0161 Oslo